

VISITASFOREDRAG I ÅRDAL VED BISPEVISITAS 21.-26. SEPTEMBER 2021

Takk fine og interessante visitasdagar.

Eg har vakna opp til flott utsikt over fjorden og vakker natur og tenkte: her er det fint. Så kom eg på møte med kommuneleiinga og tilflyttarkontoret og dei sa akkurat det same: Her er det fint å bu – så berre kom!

Eg har møtt ungdomsskuleelvar til spørjetime og hatt møte med lærarane. Og eg har møtt sokneråda og staben til gode samtalar og drøftingar om strategi.

I tillegg har eg lært mykje om solceller og aluminium på Hydro og Norsun og høyrte om korleis dei arbeidar for reinare produksjon fram mot det grønne skiftet. Og ikkje minst fekk eg vera med på ein fin kulturkveld i Farnes kyrkje med flott musikk og eit imponerende kor av konfirmantar.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Foredraget er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Geir Paulsen.

Gudstenestelivet

Det er flott å høyra at folket i Årdal sluttar godt opp om kyrkja si og dei kyrkjelege handlingane som dåp, konfirmasjon og når det er noko spesielt i kyrkja. Då kjenner ein at ein høyrer til i kyrkja. Og kyrkja er der for dykk desse dagane - men det gjeld like mykje på dei vanlege søndagane

Me treng kyrkja og gudstenesta, og me skal delta der for vår eiga trus skuld, for å få næring for trua. Sjølv om mange kan oppleve undring og sjå Skaparen si hand i den mektige naturen, så treng me òg å høyra at Skaparen møter oss med sin kjærleik i vår frelsar Jesus Kristus. Me treng fellesskapet og fellesskapet treng oss. Hald fast på den gode vanen slik at det å gå til gudsteneste vert det normale og ikkje unnataket. Så gå til gudsteneste både for di eiga skuld, for fellesskapens skuld, men òg for Guds skuld. For den som går til gudsteneste er med og gjev Gud ære.

Ny forordning

Talet på gudstenester har variert dei siste åra, for nokre år sidan var det 70 og no er det 60. Det er på tide med ei ny forordning som kan gje stabil gudstenestefeiring både på vanlege søndagar og i høgtidene, og som samtidig kan gje rom for at ein kan tenka andre typar gudsteneste til andre tidspunkt. Det vil eg be prosten ta tak i saman med sokneråda og fellesrådet, og så sende eit forslag på ny forordning til meg i løpet av eit halvt år.

Trusopplæringa

Eg vil gje ros for godt og kreativt trusopplæringsarbeid med stor oppslutning, til og med over 100% av målgruppa på babysong og fleire av dei andre tiltaka. Her skal ikkje minst kateket Inger Anne ha stor takk for mange år med god teneste. Det er òg høg konfirmasjonsprosent. Men det er vanskeleg å få til gode tiltak etter konfirmasjonsalder. Når ny kateket eller trusopplærar er på plass, er tida inne for både å revidera trusopplæringsplanen og å vurdera kva ein kan få til for fjorårskonfirmantane.

Kyrkjemusikken

Når det gjeld kyrkjemusikken, er de velsigna med særst dyktige kantorar som legg til rette for gode musikkopplevingar både i gudstenester, ved kyrkjelege handlingar og på reine konsertar. De har til og med ei årleg kulturveke i oktober og eige gospelkor. Årdal er heldig som har eit så rikt kyrkjemusikalsk liv som byr på konsertar på høgt nivå, både med kor og musikkrefter frå bygda og frå Wiener statsopera.

Misjon

Det er flott at de har ein misjonsavtale og at de støtter kyrkja i andre land. Kyrkja kan aldri bli seg sjølv nok. Det gode vi har fått, må vi gi vidare i solidaritet med den verdsvide kyrkja. De skriv i visitasmeldinga at det er på tide å fornya misjonsavtalen, og det bør de gjera i løpet av denne soknerådsperioden.

Diakoni

Når det gjeld diakonien vil eg gje ros for arbeidet. De har fødselsdagsfest for jubilentane, det er ein god og kreativ ide. Det har og eldretreff både stadene.

Utfordringa er å få med fleire frivillige. Difor bør ein tenka på om ein burde ta dei fyrste steg mot å få ei fast diakonstilling, gjerne i samarbeid med Lærdal og Aurland slik det står i visitasmeldinga. Eg tok dette opp med kommunen og dei ser at ein diakon kan bety mykje for bygda og kanskje særleg i arbeidet inn mot dei eldre. Dette vil eg difor følgje opp overfor dei tre kommunane.

Gjevarteneste

Når ein har ein god plan, til dømes om meir diakoni, så må ein sørge for at ein har musklar til å setja det ut i livet - økonomiske musklar. Me treng å minna kvarandre om at kyrkja treng meir enn det me får frå kommunen dersom me skal nå ut til alle i bygdene våre. Då må me gjera som kyrkjene rundt i verda, gje til eige arbeid. Difor vil eg gje dykk ros for at de har basar og samlar inn pengar til dei aktivitetane som kommunen ikkje skal dekkja.

Men det er også behov for ei gjevarteneste. Gjevarteneste er enkel å få til via autogiro, og den må vera spissa slik at folk kan gje direkte til det arbeidet dei ser, anten det er arbeid for barn og unge, diakoni eller kyrkjemusikk. Då kan ein utfordra nye folk, sjølv dei som ikkje enno er kyrkjegjengarar, til å bli med på ein dugnad for eit godt arbeid. Dette må me forkynna fram.

Takk til kommunen

Eg vil takka kommunen for eit godt møte med varaordførar og kommunaldirektør. Eg hørde der at kommunen har ein god dialog med kyrkja, og at ein ser dei utfordringar kyrkja har med vedlikehald av kyrkjene. Eg vil takka kommunen for at dei har sett behovet for eit tenleg kyrkjelydshus her på Tangen og for å få eit godt akustisk anlegg i Farnes kyrkje. Dette er flott for bygda og kyrkja. Eg er glad for at ein ser potensialet i ein diakonstilling og kva det kan bety for innbyggerane og det frivillige engasjement, gjerne i samarbeid med Lærdal og Aurland.

Takk

Til slutt vil eg seia takk til alle som har bidratt til denne visitasen. Takk til prestane, Wenche og Olav, den øvrige staben og sokneråda for den tenesta de gjer gjennom året og for gode visitasdagar og for ei informativ visitasmelding. Takk òg til Geir prost som har lagt til rette og vore med heile vegen og held si milde hand over kyrkjelydane i Årdal når biskopen ikkje er her.

Utfordringar

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerer denne visitasen. Om eit år vil eg ha ei melding om korleis det har gått med desse utfordringane:

- Gå til gudsteneste regelmessig, for di eiga skuld og for Guds skuld!
- Lag eit framlegg til ny gudstenesteplan!
- Forny misjonsavtalen!
- Revider trusopplæringsplanen når ny kateket er på plass!
- Sjå om de kan gje eit tilbod for ungdom etter konfirmasjonstida!
- Få i gang ei målretta gjevarteneste, og forkynn fram gjevargleda!

Med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Årdal med mange flotte inntrykk frå desse dagane. Eg ynskjer Guds velsigning over kyrkja og folket her – både i Nedre og i Øvre.

Bjørgvin bispestol, 26. september 2021

Halvor Nordhaug